

# **Trivselsplan for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø på**

## **Hemsedal barne- og ungdomsskule**

Vedtatt i SU/SMU 19/6-2018

### **Vår visjon:**

**Hemsedal barne- og ungdomsskule –  
ein godt stad å vere, ein god stad å lære.**

**Skulen skal vere ein stad der alle skal oppleve tryggleik, vise respekt  
for kvarandre, og ha høve til å utvikle sin eigenart.**

**HBU skal ha ein atmosfære av begeistring og gode relasjonar.**

## Forord

Hemsedal barne- og ungdomsskule arbeider for at den enkelte elev skal oppleve eit godt skolemiljø. Skolemiljø er summen av både det fysiske og det psykososiale miljøet på skulen, og desse har gjensidig påverknad. Dette handlar blant anna om korleis tilsette og elevar oppfører seg overfor kvarandre på skulen. Med psykososialt miljø meinast dei mellommenneskelege forholda, det sosiale miljøet og korleis elevane opplever dette. Det psykososiale miljøet handler også om korleis elevane opplever læringsituasjonen.

Kapittel 9A i opplæringslova er elevane sin "arbeidsmiljølov". Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Elevane skal ikkje bli utsett for krenkande ord og handlingar, korkje frå medelevar eller tilsette på skulen. Det er eleven si eiga oppleveling som avgjer om skolemiljøet er godt nok.

Handlingsplanen skal gi informasjon om korleis Hemsedal barne- og ungdomsskule jobbar for å etterkoma Opplæringslova si §9A om elevane sitt skolemiljø gjeld for alle elevar i skuletida.

### **§ 9A-2 Retten til eit trygt og godt skolemiljø**

*Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.*

### **§ 9A-3 Nulltoleranse og systematisk arbeid**

*Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.*

*Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller medhald av kapitlet blir oppfylt. Rektor har ansvar for at dette blir gjort.*

Handlingsplanen beskriv korleis skulen aktivt arbeider for eit trygt, godt og inkluderande skolemiljø, førebyggjer mobbing og krenkande åtferd og korleis skulen handlar når mobbing og/eller krenkande åtferd vert oppdaga eller varsla. Den beskriv også andre tiltak for å ivareta elevane sitt psykososiale miljø.

Hemsedal barne- og ungdomsskule arbeider systematisk for å sikre eit godt skolemiljø for elevane. Planen er revidert etter lovendringar i Opplæringslova kapittel 9A, som trer i kraft 1. august 2017.

Helsing

Ellen Wang Fredriksen  
rektor

# **Innhald**

<b>Kap 1.</b>		<b>Side</b>
Forord		2
Innhald		3
<b>Kap 2.</b>		
Omgrepssavklaring		4
<b>Kap 3. Opplæringslova §9a</b>		
1. Retten til eit trygt og godt skulemiljø §9a-2		5
2. Nulltoleranse og systematisk arbeid §9a-3		6
- samarbeid skule/heim		
3. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt... §9a-4		7
- aktivitetsplikt		8
- Aktivitetsplikta – fem delpliktar		8
4. Skjerpa aktivitetsplikt §9a-5		9
5. Fylkesmannen si handheving.. §9a-6		9
<b>Kap 4. Rutinar og prosedyrar</b>		
1. Rutinar som kan avdekke mobbing og krenkjande åtferd		10
2. Ansvar og meldeplikt		10
3. Konflikthandtering		11
4. Prosedyrar ved påvist mobbing		12
5. Om mobbinga ikkje tek slutt		13
6. Prosedyrar ved krenkjande åtferd, diskriminering og rasisme		13
7. Tiltak for vald mellom elevar		14
<b>Kap 5. Interne rutinar</b>		
1. Samtalemodellar i ulike former for mobbing		15
2. Skulen sine rutinar utover årshjul		18
Vedlegg: Meldeskjema		19

## **Omgrepsavklaring**

Å ha eit felles språk betyr at ein betre kan setje ord på og forstå kvarandre og dialogen om det psykososiale miljøet.

### **Definisjonar på krenkande ord og handlingar:**

**Konflikt** - når likeverdige partar blir ueinige og det oppstår eit samanstøyt kor to eller fleire motstridande ønskjer er tilstade. Det som skjer opplevast ubehageleg for begge partar. Ved slike hendingar skal tiltak setjast i verk.

**Mobbing** - gjentakande negativ eller "ondsinna" åtferd frå ein eller fleire, retta mot ein elev som har vanskeleg for å forsvare seg. Gjentakande erting på ein ubehageleg og sårande måte er og mobbing. Det må vere ubalanse i styrkeforholdet mellom dei som mobbar og dei som blir mobba.

Mobbing av barn er handlinger fra voksne og/eller barn som hindrer opplevelsen av å høre til, å være en betydningsfull person i fellesskapet og muligheten til medvirkning.

**Krenkingar** er enkeltepisodar som finn stad ved både mobbing, trakassering og diskriminering. Kan vere enkeltepisodar utan den systematikken som blir kravd for at det skal vere mobbing.

**Utestenging** betyr at nokon så godt som alltid blir haldne utanfor ei gruppe eller ein klasse.

**Vald** inneber at nokon nyttar fysisk makt for å skade andre.

**Rasisme** inneber at nokon blir behandla annleis eller plaga, til dømes fordi dei har ei anna hudfarge eller snakkar eit anna språk.

**Diskriminering** betyr at ein person blir dårligare behandla eller trakassert, til dømes på grunn av kjønn, funksjonsevne, tru, hudfarge eller opphav.

Mobbing er eit sosialt, kulturelt og relasjonelt problem som kjem til uttrykk når menneske er saman eller skal lære seg å vere saman.

## **§ 9A-2. Retten til eit trygt og godt skolemiljø**

På skulen legg vi vekt på og vil jobbe for:

- at det kontinuerleg, langvarig og systematisk blir arbeida med eleven sitt skolemiljø
- at skule, elevar og føresette samarbeider om det førebyggande og halldningsskapande arbeidet
- at tydeleg leiing er en føresetnad for å førebygge, avdekke og handtere krenkande ord og handlingar
- at alle tilsette ved skulen har ei handlingsplikt til å undersøkje, varsle og gripe inn om dei får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkande åtferd
- å styrke lærar sin rolle som klasseleiar
- systematisk og langsiktig arbeid for trivsel gjennom ei lang rekke tiltak
  - Sjå årshjul med handlingsplan for førebyggande tiltak på heimesida til skulen.
- foreldremedverknad gjennom FAU og styrke samarbeid mellom heim og skule

Med kontinuerleg blir det meint at det systematiske arbeidet må være ein raud tråd i arbeidet til skulen. Arbeidet skal skje heile tida, gjennom heile skuleåret. Det systematiske arbeidet skal vere gjennomtenkt og planmessig. Planane og rutinane må vere innarbeida og må følgjast av personalet når det blir jobba med saker som rører ved det psykososiale miljøet til elevane.

Rektor har ansvaret for den daglege oppfølginga av skulen sitt systematiske arbeid. Rektor skal følge med og har ansvaret for at det systematiske arbeidet er aktivt og planmessig.

## **§ 9A-3. Nulltoleranse og systematisk arbeid**

*Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.*

*Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.*

### **Samarbeid skule/heim.**

#### **Skulen forventar av foreldra:**

- ta barna på alvor. Lytt til dei og nøl ikkje med å ta kontakt med skulen ved bekymring/uro, anten det er eigne eller andre sine born
- kontakt skulen dersom du har mistanke om at mobbing skjer
- delta på foreldremøter, samtalar og samkome
- snakk positivt om andre familiarar, barn, lærarar og skulen når barna høyrer

#### **Foreldra kan forvente av skulen:**

- at elevane blir tekne på alvor når dei melder om bekymring/uro
- at skulen har kompetanse på mobbing- og nyttar den
- at skulen informerer og involverer heimen
- at skulen har fokus på trivsel og arbeid mot mobbing

#### **Foreldra kan forvente av kvarandre:**

- at foreldra går føre som gode eksempel
- at det raskt blir gitt melding til skulen ved bekymring/uro
- at foreldra tek skulen på alvor når det vert varsle om bekymring/uro
- at foreldra jobbar for å bli kjent med andre foreldre og barna deira

## **§ 9A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø**

*Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, dersom det er mogleg.*

*Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skuleeigaren i alvorlege tilfelle.*

*Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka.*

*Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak, sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.*

*Skulen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.*

### **Kva du gjer som elev:**

Om du som elev, oppdagar eller mistenkjer at det går føre seg mobbing, eller sjølv blir utsett for mobbing, snakk med din kontaktlærar, foreldre eller andre vaksne på skulen. Kontaktlærar og andre som jobbar på skulen er ansvarlege for at saka kjem vidare og blir behandla i samsvar med tiltaka i denne planen.

### **Kva du gjer som føresett:**

Får du mistanke om at ditt barn blir mobba, ta ein samtale med barnet så fort som mogleg. Ikkje sjeldan i mobbesaker er barn ofre for truslar og press, og dei ønskjer tilsynelatande ikkje at foreldra og skulen skal bli involvert, då dei fryktar represaliar frå mobbaren/ mobbarane.

Ta kontakt med kontaktlæraren til barnet eller rektor.

Når foreldra eller eleven melder ei mobbesak til skulen, er det aktivitetsplikt og dei har rett til å få vite kva for tiltak skulen vil setje i gang for å få endra situasjonen for sitt barn. Skulen har eige skjema for aktivitetsplikta.

## Aktivitetsplikt:

Skulen har ei aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø. Aktivitetsplikta gjeld i skuletida! Aktivitetsplikta gjeld for alle som jobbar på skulen. Årsaka til opplevinga av til dømes utryggheit, einsemd, mistriksel som ligg utanfor skulen i tid eller fysisk område, avgrensar ikkje skulen sin aktivitetsplikt. Dette er mellom anna aktuelt for digitale krenkingar, der krenkingane skjer utanom skuletida, og om mobbing eller andre negative opplevingar tilbake i tid har påverknad på eleven si oppleving av skulemiljøet no.

Det avgjerande er at elevane ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt.

## Aktivitetsplikta – fem delplikter

1. alle som jobbar på skulen må **følgje med** på korleis elevane er med kvarandre og korleis dei har det på skulen
2. alle som jobbar på skulen må **gripe inn** mot krenkingar dersom det er mogleg
3. alle som jobbar på skulen må **varsle rektor** ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
4. skulen har låg terskel for å **undersøkje** kva som skapar mistanke om, eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
5. skulen skal **setje inn tiltak** – heilt til eleven har det trygt og godt

Plikta til å undersøkje handlar om å undersøkje kva som ligg bak eleven si oppleving eller nokon sin mistanke, så raskt som mogleg. Undersøkinga må ha som føremål å få fram fakta om ein situasjon, bakgrunnen for elevane si oppleving, og kva for forhold i elevane sine omgjevnader som påverkar korleis dei opplever skulemiljøet. Ei undersøking kan og handle om å avklare og opplyse forhold tilbake i tid eller forhold utanfor skuletida og skulen sitt område, dersom slike forhold påverkar eleven sin kvardag på skulen.

Saka kan undersøkast ved til dømes:

- samtalar med elev(ar), føresette og aktuelle tilsette ved skulen
- strukturert observasjon
- kartlegging av sosiale relasjonar med programmet *Klassetrivsel*
- trivselsundersøkingar

Undersøkinga gir retning for tiltak. Tiltak skal tilpassast den enkelte og sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Skulen skal følge opp saka og evaluere om tiltaka har den tilskikta verknaden. Elev og føresette skal involverast i evalueringa.

Skulen skal dokumentere kva som er gjort i ein aktivitetsplan. Aktivitetsplanen er eit levande dokument som skal utviklast og gjennomførast i samarbeid mellom elev, føresette og skule, og skal ta omsyn til det beste for eleven.

Aktivitetsplanen skal innehalde opplysningar om:

- kva for eit problem tiltaka skal løyse
- kva for tiltak som skal setjast inn
- kva tid tiltaka skal gjennomførast
- kven som har ansvar for å gjennomføre tiltaka
- kva tid tiltaka skal evaluerast

Tiltak i aktivitetsplanen skal evaluerast i samarbeid mellom elev, føresette og skule. Dersom tiltaka har ført til at det psykososiale miljøet er retta opp, må planen signerast ut av føresette. Dersom tiltaka ikkje har ført fram, må nye tiltak setjast inn på aktivitetsplanen.

## **§9A-5. Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenkjer ein elev**

*Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.*

## **§9A-6. Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker**

*Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor.*

### **Handhevingsordning**

Føresette kan melde saka inn til Fylkesmannen, men saka skal først vere teken opp med rektor, og det skal ha gått minst éi veke (fem verkedagar). Fylkesmannen utgreier og tek stilling til om skulen har oppfylt si aktivitetsplikt. Fylkesmannen fattar enkeltvedtak etter Forvaltningslova. Privatpersonar kan klage på Fylkesmannen sitt vedtak til Utdanningsdirektoratet.

## Rutinar som kan avdekke mobbing og krenkande åtferd

Kva	Når	Korleis	Ansvar
Elevamtalar	Kontinuerleg	Einesamtalar og gruppesamtalar	Kontaktlærar
Inspeksjon	Heile skuleåret	Vaksenåtferd når elevar tek kontakt. Standard for god inspeksjon	Inspektør
Utviklingssamtalar	Haust/vår	Alltid ha eit punkt om mobbing og krenkande åtferd	Kontaktlærar
Informasjon om elevar og føresette sine moglegheiter for å klage på skulemiljøet	Ved foreldremøter haust, informasjon om handlingsplanen	Informasjon i møta. Info på heimesida.	Rektor
Klassetrivsel.no Trivselsundersøkingar Sosiogram	Skulen har standardisert kartlegginga i eit årshjul.	Databasert elevundersøking	Kontaktlærar

## Ansvaret og meldeplikt

Kven	Når	Kva
Tilsette på skulen, helsestyrer, vaktmeister, reinhaldspersonalet, studentar og vikarar	Kontinuerleg	Merksemnd retta mot elevar som opplever krenkande åtferd eller mobbing. Spesielt fokus på elevar som ofte kjem i konflikt eller er einsame. Plikt til å gripe inn og til å melde frå til kontaktlærar eller leiinga.
Elevar	Kontinuerleg	Melde frå til en voksen på skulen eller heime dersom de sjølv plagast eller dei ser elevar som ikkje har det bra/blir krenka eller mobba.
Foreldre/føresette	Kontinuerleg	Melde frå til kontaktlærar ved bekymring for det psykososiale miljøet i klassen/skulen. Levere ei skriftleg klage ved behov.

## Konflikthandtering

Hending	Aksjon	Ansvar
Nivå 1: Elevane er på veg inn i ei konflikt	Skap overblikk, sjekk kven som er vitne eller heiagjeng. Grip inn, ta ordet og be begge partar om å sjå på deg og vente med å snakke. La kvar av dei forklare seg om det som har skjedd. Om mogleg – skaff informasjon frå ein "nøytral" 3. person. Etter å ha hørt begge partar gjenfortel den vaksne forløpet, deretter sjekk om det er oppfatta riktig. Dersom elevane er rimeleg einige om å stoppe konflikten, kan saka betraktast som ferdig. Om ikkje dei er villige til å stoppe, skal dei informerast om konsekvensane på nivå 2/3.	Tilsette som er tilstade.
Nivå 2: elevane fortset konflikta	Elevane blir tekne ut av samanhengen og vert snakka med i rolege omgivnadar. Elevane må beskrive hendinga kvar for seg. Den vaksne gjentek beskrivingane. Den vaksne fortel den enkelte kva som vil skje vidare. Konflikthandteringa blir leia av den vaksne. Om partane er einige om kva som motiverte konflikta og er einige om å gå vidare, kan saka avsluttast. Om konflikta eskalerer blir det beskrive kva som vil skje i neste trinn.	Kontaktlærar Rektor Sosiallærar
Nivå 3: Elevane nekter å følgje beskjedar og å løyse konflikta	Elevane blir tekne ut av situasjonen og rektor/sosiallærar vert tilkalla. Den vaksne gir ei kort beskriving av hendinga og eleven si åtferd, samt manglende vilje til å stoppe konflikta. Føresette blir informert.	Rektor Sosiallærar Inspektør
Nivå 4: Eleven klarer ikkje roe seg ned	Føresette vert informert og det vert vurdert om eleven bør hentast.	Rektor

## Prosedyrar ved påvist mobbing

Kva	Korleis	Kven
Samtalar med mobbar(ane) – individuelle samtalar utan anledning til å samsnakke om det er fleire elevar involvert	Konfrontere den som mobbar med alvoret i den faktiske situasjonen. Det blir tatt høgde for at den som klagast inn har mykje å vinne på å ikkje fortelje sanninga. Få eleven til å ta avstand frå mobbinga og til å forplikte seg til positiv åtferd. Invitasjon til samarbeid for å finne ut kva eleven kan bidra med for å stoppe mobbinga. Finne ut om fleire bør involverast.	Kontaktlærar Sosiallærar Leiinga
Informasjon til rektor	Munnleg eller skriftleg	Kontaktlærar
Aktivitetsplan	Utarbeide ein aktivitetsplan, jf. opplæringslova § 9A-4	Rektor Sosiallærar
Føresette vert informert	Umiddelbart etter fyrste møte med den som er blitt mobba, eller med den som utset andre for mobbing. Det skal vurderast om føresette skal ha ein aktiv rolle.	Kontaktlærar Rektor Sosiallærar
Oppfølgingssamtalar med mobbar	Jamnlege samtalar	Rektor Sosiallærar
Oppfølgingssamtalar med den som blir mobba. Tett kontakt med føresette	Utarbeiding av aktivitetsplan	Kontaktlærar Rektor Sosiallærar
Evalueringssamtale med både den som blir mobba og den som mobbar	Oppfølging og evaluering av tiltak i aktivitetsplanen	Kontaktlærar, leiinga og føresette

## Om mobbinga ikkje tek slutt

Når	Korleis	Kven
Om mobbesaken ikkje tek slutt	Nye samtalar med mobbeoffer, mobbar og føresette. Møte med føresette til mobbar og mobbeoffer kvar for seg, kor vi går gjennom tiltak skulen og elevane skal gjere. Gi forslag til kva føresette kan gjere.	Kontaktlærar Sosiallærar Rektor
Sanksjonar	Aktuelle sanksjonar som kan iverksettast overfor mobbar: - Auke vaksentettleik - Endring av rammer/ommøblering av klasserom - Føresette følgjer til og frå skulen. - Hospitering / skifte av gruppe.	Kontaktlærar, sosiallærar og/eller rektor
Involvering av andre partar	Vurdere om andre parter som barnevern, BUP og politi skal inn i saken.	Rektor og ev. sosiallærar

## Prosedyrar ved krenkande åtferd, diskriminering og rasisme

Når	Korleis	Kven
Krenkande åtferd, til dømes enkeltståande ytringar og handlingar	Undersøke saka og gripe inn ved behov. Gje korrektiv til den som har utført den krenkande handlinga.	Tilsette ved skulen
Om handlinga ikkje stopper når den tilsette grip inn	Varsle leiinga ved skulen. Utarbeide ein aktivitetsplan	Tilsette ved skulen
Ved gjentaking av krenkande åtferd	Informere føresette både til utøvar og den som har vore utsett for krenkinga.	Tilsette ved skulen

## Tiltak for vold mellom elevar

Aksjon	Ansvar
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilkall hjelp om du vurderer at episoden er voldsom</li> <li>• Snakk roleg og fortel dei involverte kva du kjem til å gjere.</li> <li>• Unngå sterke utsagn og opptre konfliktdempande.</li> <li>• Forsøk å skilje elevane, men ver forsiktig med å gå mellom.</li> <li>• Vurder skadar og behov for umiddelbar legehjelp.</li> <li>• Informer kontaktlærar/sosiallærar eller rektor</li> </ul>	Tilsette som er tilstades i situasjonen
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ved harde slag mot hovudet eller delar av kroppen, bør eleven undersøkast av helsesyster eller lege.</li> </ul>	Tilsette som er tilstades i situasjonen
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samtale med begge involverte.</li> <li>• Føresette vert kontakta på telefon</li> </ul>	Kontaktlærar / helsesyster/ sosiallærar
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skriv skademelding ved skade på elev, personell og/eller materiell.</li> <li>• Saka vert undersøkt ytterlegare, vurdere aktivitetsplan</li> </ul>	Tilsette som er tilstades i situasjonen, i samarbeid med leiinga

## **Samtaler med mobbarane og føresette**

Individuelle samtalar:

1. Hent eleven ut frå klassen.
2. Sei klart frå at du veit om mobbinga.
3. Sei klart og bestemt frå at du og skulen ikkje aksepterer det og at rektor er informert.
4. Spør om eleven vil seie noko (lytt og ikkje gå inn i diskusjonen).
5. Gjenta at mobbinga skal ta slutt, straks.
6. Du kan så invitere mobbaren til samarbeid, til dømes ved å spørje om han/ho har sett at andre mobbar mobbeofferet.
7. Dersom ja, spør kva eleven kan bidra med.
8. Avslutt og gå med eleven til klassa.

Hent ut neste elev

## **Gruppesamtale**

1. Lat siste elev vente og hent dei andre.
2. Sei kva du og kvar enkelt har snakka om, og kva som var konklusjonen.
3. Gje ros om mogleg.
4. Gjenta at mobbinga tek slutt straks og at du vil følgje nøye med.
5. Sei at rektor vil bli halden informert.
6. Sei at dei føresette blir kontakta (til vanleg gjer ein dette).
7. Eventuelt gje vink om problem som kan oppstå.
8. Avtal nytt møte om ca. 3 dagar.
9. 1-2 slike gruppemøte i tillegg er vanlegvis nok.

## **Mobbeofferet og mobberane**

### **Alternativ 1:**

- Partane møtast etter ei tid, t.d. etter 1-2 møte med mobberane. Begge partar må førebuast. Læraren deltek på fellesmøtet.

### **Alternativ 2:**

- Partane møtast alt ved slutten av fyrste møte med mobbarane
- Mobbeofferet må då vite dette på førehand og vere førebudd
- Læraren må også kort førebu mobbarane

## **Dei føresette til mobbeofferet**

- Forklar årsaka til møtet.
- Spør korleis dei oppfattar situasjonen (du får då vite kor mykje dei veit).
- Gi støtte, ikkje gå i forsvar.
- Marker at skulen har regien og sei generelt kva som er gjort og skal gjerast.
- Sei at rektor er informert.

## **Dei føresette til mobberane**

### **Modell 1:**

- Ring heim og forklar saka kort.
- Spør om dei vil møte foreldra til dei andre mobbarane, utan å seie kven det er.
- Ved OK, avtal felles møte etter telefonrunden. Elles individuelle samtaler.

### **Modell 2:**

- Kall inn dei føresette til kvar mobbar for seg. Eventuelt
- fellesmøte etterpå, sjå modell 1.

### **Modell 3:**

- Løys saka med mobbaren utan å involvere foreldra.

## **Prinsipp for samtalar med mobbarane sine foreldre**

- Informer kort om elevsamtalane.
- Ver ivaretakande, men tydeleg på at mobbinga ikkje blir akseptert.
- Be foreldra snakke alvorleg med barna sine og følgje dei opp.
- Avtal kontakt vidare.

## **Ansvar**

Kontaktlærar har ansvaret for at dette vert gjort.

Det er naturleg at kontaktlærar samarbeider med sosiallæraren.

Skriftleg notat skal leverast til rektor og avdelingsleiar.

## **Dersom mobbinga held fram:**

Ein aktivitetsplan skal utarbeidast. Han inneheld individuelle avtalar for mobbar og mobbeoffer om ønska åtferd. Skulen og føresette lagar i samarbeid framlegg til konesekvensar for mobbaren. Tilbakemelding til føresette kvar veke.

### **Døme på tiltak overfor mobbaren:**

#### Mobbing på skulevegen/skulebussen:

- *Dei føresette følgjer/hentar mobbaren på skulen*

#### Mobbing i friminutta:

- *Mobbaren blir følgd av vaksne i friminutta*
- *Mobbaren må sitje inne i friminutta*
- *Mobbaren sine føresette kjem til skulen og deltek i inspeksjonane*

#### Mobbing i timane:

- *Mobbaren må byte klasse/gruppe ei tid*
- *Mobbaren blir følgd av vaksen heile tida*
- *Mobbaren sine føresette er til stades i nokre av timane*

Kontaktlærar og administrasjonen avgjer i samarbeid med dei føresette om andre partar (PPT, skulehelsetenesta, barnevern, politi eller konfliktråd) skal inn i saka.

*Om mobbinga ikkje tek slutt sjølv om alle desse tiltaka er prøvde, kan det vere aktuelt at mobbaren byter klasse eller skule.*

### **Arbeid i personalet**

- Episodar og alvorlege saker skal alltid drøftast i kollegia fyrst.
- Rektor vurderer om større delar av personalet, utover dei som er involvert, ev. om heile kollegiet skal informerast.

## **Skulen har følgande rutinar utover årshjul for trivsel:**

	Oppgåve	Tidspunkt	Ansvar
1	Opplæring og informasjon om trivselsplanen til alle tilsette.	Ved skulestart	Rektor
2	Skulen sine planar og tiltak for førebyggande og haldningsskapande arbeid gjennomsyrar skulekvardagen.	Kontinuerleg	Rektor
3	Elevar og føresette får informasjon om denne planen, ordensreglementet og trivselsreglane. Ver merksam på «nye» føresette	Kvar haust	Kontaktlærar
4	Gjennomgang av elevundersøking blir tatt opp i personalet, FAU og skudemiljøutval	Kvar vår	Rektor
5	Funn i utviklingssamtalar vurderast to gonger i året	Haust og vår	Kontaktlærar/rektor
6	Skulen skal evaluere sitt førebyggande og haldningsskapande arbeid kvart år. På personalmøte, elevråd, FAU og skudemiljøutval. Hugs vakt og tilsynsordninga.	Kvar vår	Rektor
7	Internkontroll: Praksis i forhold til oppfølging av opplæringslova § 9A, 11-1a og 13-1.	Kontinuerleg	Rektor

Vedlegg 1: Meldeskjema

**MELDESKJEMA  
VED BEKYMRING FOR ELEVEN SITT PSYKOSOSIALE SKULEMILJØ**

Eleven sitt namn:		
Eleven sin klasse		Fødselsdato:
Bekymring meldt til:		
Bekymring meldt av:		
Dato for meldinga:		
Kva dreier bekymringa seg om? (mobbing, vald, rasisme, diskriminering, utestenging)		
Kva førte til bekymring? Korleis vart det oppdaga?		
Anna faktainformasjon?		

Sendast til: Rektor  
Kopi: Elevmappe